

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styring i 1939.

Året 1939 gjekk inn med von om at den stiging i verksemda som ein hadde i slutten av 1938, skulle halde fram. Det skjedde òg. I fyrste halvparten av året var verksemda stigande og dette varde ved til krigen byrja dei fyrste dagane av september. Krigen førde med seg uvisse, og tilførsle gjekk ikkje regelrett, men omsetninga innalands auka. Produksjonen og verksemda har i den tida som er gått sidan krigen braut ut, haldi seg godt oppe, slik at resultatet av verksemda i heile året er større enn i 1937, det beste året til no.

Men likevel har krigen ført med seg mange vanskar for næringslivet vårt. Dei næringane som mest beinveges har kjent verknadene, er skipsfarten og utarikhandelen vår. For dei andre næringane har den uvisse tilgangen på råemne og prisforskyvningane skapt utrygge tilstand og for ein skilde næringar, fyrst og fremst byggjeverksemda, har tilhøva på kapitalmarknaden verka hindrande.

Krigen har ført til at staten har gripi sterkare regulerande inn i næringslivet. Dette har vori naudsynt for å tryggje forsyningane til landet og for å bremse på prisstiginga. Rasjonering av sukker og kaffe vart innført 8 september og for tidbolken 9 september—21 oktober vart det gjennomført ei rasjonering av bensinforbruket. Sidan har bensinforbruket vori fritt.

Den stiging i prisane som fylgde med krigen, gjorde det naudsynt å innføre ein utvida og skjerpt priskontroll. Prisane som synte få brigde frå januar til august 1939 — stiging etter engrosprisindeksen var 1,1 prosent — har frå august til desember stigi med 18,2 prosent etter same indeks. Denne stiging har ikkje vori til å unngå. Ho kjem fyrst og fremst av tilhøve som beinveges har med krigen å gjera. I levekostnadene var det og lite brigde frå januar til august 1,8

prosent. Frå august til desember var stiging 6,0 prosent.

Dei store forsyningskjøpa og brigde i betalingsmåtane i den internasjonale handelen har auka krava til valutamarknaden etter krigsutbrotet. Gull- og valutaforrådet til Norges Bank, som var stort i sommarmånadene, fall frå august til oktober med om lag 70 millionar kroner og i slutten av året ligg det på same nivået. I slutten av august vart den norske krona løyst frå forankringa til pundet, gjennom den faste pundkursen 19,90 og vart fest til dollaren etter ein kurs av 4,40. Den store omsetninga til stigande prisar har sett store krav til Norges Bank. Setelomlaupet, som alt i fredsmånadene låg meir enn vanleg høgt, har auka sterkt og utlåna har komi opp i om lag det doble av det dei var i dei siste fredsmånadene. Innskota i sparebankane og privatbankane har gått ned med 77 millionar kroner til november. Men utlåna har stigi med same summen. Tendensen på pengemarknaden var strammare størsteparten av fyrste halvåret. Etter krigsutbrotet har strammainga auka. Obligasjonsmarknaden synte alt i mars at rentesatsane gjekk opp. Med krigsutbrotet fall obligasjonskursane og rentesatsane steig. I desember har kursane falli mykje. Den 22 september sette Norges Bank opp diskontoen frå 3½ til 4½ prosent. Krisa etter krigen har ikkje gjort det naudsynt å føre inn betalingsmoratorium eller setja grense for uttak av innskot slik som i 1914.

At verksemda har vori stor i 1939 syner den innalandske omsetninga, som auka fram til krigsutbrotet. Etter dette auka ho framleis i september på grunn av forsyningskjøp og har etter eit atterslag i oktober teki seg godt opp att i dei to siste månadene av året.

Utarikhandelen har òg vori større i 1939 enn i 1938. I tida til krigen var verdet av både innførsle og utførsle høgare i 1939 enn i 1938. I den fyrste krigsmånaden — september — gjekk både innførsle og utførsleverdet ned, men har stigi i resten av året slik at verdet av både innførsle og utførsle blir ikkje lite større for tidbolken januar—november i 1939 enn i 1938. Alt i alt kom innførsla i tid-

bolken januar—november 1939 opp i 1203 millionar kroner mot 1095 millionar kroner i 1938, og utførsleverdet var i same tida 716 millionar kroner mot 700 millionar kroner i 1938. Prisane har legi mykje høgare etter krigen, og derfor har sjølvsagt omfanget av utarikhandelen ikkje stigi så sterkt som verdetala syner, men noko stiging har det vori. Underskotet på utarikhandelen har vori stort, opp til desember 487 millionar kroner mot 395 millionar kroner i 1938. Men inntektene av skipsfarten har auka sterkt og derfor vil truleg betalingsbalansen i år òg gje eit overskot.

Jordbruket. Avlingane i jordbruket i 1939 kom stort sett i mengd og kvalitet ikkje opp mot dei to førre åra. Etter dei førebels utrekningane var avlinga i 1939 om lag 10 prosent mindre enn dei to førre åra. Epleavlinga var stor i 1939, men elles var avlingane i hagebruket òg heller under eit medelårs. Husdyrproduksjonen har haldi seg godt oppe. Mengda av mjølk som er send meieria, har auka. Av kontrollerte slakt har det vori fleire i 1939 enn i 1938 av storfe og sau. For svin har det vori noko nedgang i tala.

Med få unntak var prisnivået både for dei vegetabilske og dei animalske jordbruksvarene heilt til i haust anten ubrigda fra 1938 eller lågare. Dei siste månadene har prisane gått opp, noko av di avlinga (høy og poteter) var mindre i 1939 enn dei to førre åra og noko for skuld tilhøva etter krigsutbrotet.

For pelsdyrproduksjonen er tilhøva dårlege med låge skinnprisar.

Heile verdet av landbruksproduksjonen i 1939 er vel så stort som i 1938, om lag 550 millionar kroner, men nettofortenesta og lønsemda blir truleg mindre av di utgiftene har auka.

Skogbruket. For skogbruket som hadde eit dårleg år i 1938 med lita drift og låge prisar på tømmeret, har det i 1939 vori oppgang. Til dømes har basisprisen på sliperi- og cellulose tømmer av gran gått opp frå 13 kroner i 1938 til kroner 15,80 i 1939, og for det andre tømmeret er det ein liknande oppgang. Betalinga for skogsarbeid har òg auka så det meste av nedslaget i 1938 er falli bort. Spurnaden etter tømmer er god, så ein reknar med at skogsdrifta i vinter blir som i vanlege år. Med dei prisane og drifts- utgiftene som no er, blir den økonomiske vinninga av skogsdrifta betre enn i 1938—39, men blir nok ikkje så god som for 1937—38.

Fisket har i 1939 stort sett gjevi god avkastning når det gjeld mengda. Torskefisket gav større avkastning enn på mange år. Vinterfisket i Finnmark var sers rikt og Lofotfisket gav òg eit stort kvantum. I alt vart

det fiska opp 214 200 tonn skrei og loddetorsk mot 166 700 tonn i 1938 og 160 200 tonn i 1937. Men avsetnadstilhøva har framleies vori sers vanskelege. Prisane har vori låge og staten har framleies ytt stønad. Ved årsskiftet er det store uselde kvanta av hovudprodukta, kleppfisk og tørrfisk. Utførsla av tran har derimot auka og prisane har gått monaleg opp etter krigsutbrotet. Ferskfiskutførsla syner monaleg auke i 1939. Utførsla har serleg auka i haust og prisane har stigi. Vintersildfisket slo ikkje så godt til som i 1938, som gav ei serleg rik avkastning, men kvantumet vart større enn i mange av åra før. I alt vart det fiska opp 4 343 000 hektoliter mot 5 328 000 i 1938. Feitsild- og småsildfisket var litt betre enn i 1938 medan brislingsfisket vart svært dårleg. Meir av silda er utført fersk og utførselsmengda har stigi sterkt. Saltsildutførsla har òg gått opp. Prisane har synt monaleg oppgang i haust.

Tilførsla av sild til sildeoljefabrikkane har gått ned, og utførsla av sildemjøl er derfor mykje mindre enn i 1938. Heile verdet av fiskeria har fiskeridirektøren førebels rekna ut til 90,7 millionar kroner mot 86,1 millionar kroner i 1938.

Kvalfangsten. I 1939 har oljeproduksjonen vori mindre enn i 1938. Jamvel om prisane gjekk litt opp, har verdet vorti monaleg redusert. Heile inntekta av kvalfangsten — når ein tek med leigeinntekt og hyrer til norsk mannskap på utalandske ekspedisjonar — var om lag 56 millionar kr. mot om lag 73 millionar kroner førre sesongen. I året som gjekk, har den parten av kvalfangsten som fell på Noreg, falli frå 35 prosent til 30 prosent. Det norske mannskapet var om lag like stort som før, medan talet på folk frå andre nasjonar auka.

Industrien. Industriproduksjonen låg høgare i 1939 opp til krigen enn i 1938 og har haldi seg sers godt oppe i dei siste månadene av året. Ein kan rekne med at han for heile året vil vera om lag 6 prosent høgare i 1939 enn i 1938. Meir enn førre året gjeld framgangen dei fleste industriane, men heimindustriane har, når ein ser dei under eitt, hatt føremon i framgangen. Men framgangen har òg vori god i mange eksportindustriar. Unntak er tresliperia og sildeolje og hermetikk som har hatt lite tilfang av råemne.

Bergverksdrifta har etter dei oppgåvene som ligg føre, vori om lag som i 1938, men ein merkar seg at utførsla har vori mindre.

Byggjeverksemda har vori stor i 1939 òg, men her er det no tydelege teikn til stagnasjon.

Skipsfarten. For skipsfarten har vilkåra vorti heilt brigda sidan krigen braut ut. I fyrstninga av året var fraktene stort sett lågare enn i 1938, og det var ikkje så lite opplegg, men i haust har fraktene gått monaleg opp for skuld krigsrisikoen. Stinginga er litt ulik i dei ymse farvatna, men i europeiske farvatn har fraktene gått opp med 300—400 prosent. Opplegget har gått sterkt ned. Bruttofraktene for heile året kan ein på dette leitet berre etter eit skjøn setja til mellom 900 millionar kroner og 1 milliard kroner. Saman med fraktene har utgiftene òg stigi kraftig, og flåten har alt mista mange skip ved krigsforlis. Til saman har det gått tapt om lag 60 000 tonn. Flåten har berre auka med 80 000 tonn i året.

Arbeidsløysa. Arbeidsløysa har vori mindre i 1939 enn 1938. Nedgangen var størst i sumarmånadene, men har alt i alt haldi fram etter krigen òg. I haustmånadene har talet på arbeidssøkjande vori 13—14 prosent lågare enn i dei same månadene i fjor.

Arbeidsindeksen syner òg at tilgangen på arbeid har vori betre i 1939. Det har vori eit roleg arbeidsår i 1939. Det har vori få arbeidskonfliktar.

Offentlige finansar. Det at inntektene har auka, har letta dei kommunale finansane i dei seinare åra. Skatteprosenten har gjennomsnittleg synt ein tendens til å falle litt. Etter dei førebels utrekningane for 1939—40 vil han òg gå litt ned, trass i at utlikningssummane har auka. Men skatteprosenten er framleies svært høg i mange kommunar,

og staten må enno yte tilskot til balansering av budsjetta. Lånegjelda har gått ned, men det kjem einast av gjeldsakkordar. Ser ein bort frå gjeldsakkordane, har det vori stiging i gjelda både i 1938 og 1939.

Statsreknskapen for 1938—39 gav eit større overskot enn i førre terminen. Summen var 51,4 millionar kroner (49,8 når ein tek omsyn til stinginga i overførde løyvingar) mot 44,6 millionar kroner i 1937—38. Regnskapen for fyrste fjerdingåret 1939—40 syner som vanleg underskot men det er mykje mindre enn i fyrste fjerdingåret førre år, nemleg 9,3 mot 19,3 millionar kroner. Når resultatet har vorti så mykje betre, kjem det av stiging i inntektene, som også i oktober og november har vori høgare enn i 1938. Statsgjelda har auka siste budsjettåret fra 1428,7 til 1464,2 millionar kroner, men nettokapitalen åt staten har likevel auka med 54,9 millionar kroner.

Den folkemengda som høyrer heime i landet, kan ein ved utgangen av 1939 setja til om lag 2 936 000. Ved utgangen av 1938 var folkemengda om lag 2 921 000. Folkemengda har altså i 1939 auka med i kring 15 000. Om lag like stor var auken i 1938.

I 1939 har det òg vori mange giftarmål, i dei 3 fyrste fjerdingåra 16 846 mot 16 065 i dei 3 fyrste fjerdingåra av 1938. Talet på fødde er òg noko større i desse fjerdingåra av 1939, nemleg 35 846 mot 35 097 i 1938. Talet på avlidne var 22 760 mot 21 803. Fødselsoverskotet var altså i denne tidbolken av 1939 13 086 mot 13 294 i 1938.

Gjevi på Oslo slott 9 januar 1940.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON

(L. S.)

Johan Nygaardsvold

B. Rolsted